

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
086/15	Formannskapet	03.09.2015

Sakshandsamar: Stine Mari Måren
Elverhøi

Arkiv: K2 - S11

Arkivsaksnr. 15/467 -
15/8697

Uttale til høyring - Konsesjonssøknad for Nundalselvi kraftverk

Saka gjeld

Småkraft AS ønskjer å utnytte fallet i Nundalselvi i Nundalen til kraftproduksjon. Nundalselvi kraftverk er berekna å produsere 14,1 GWh i eit midlare år.

Inntaket er planlagt på kote 420 og med utløp på kote 5. Fra kraftstasjonen blir det lagt 2000 meter kraftkabel i Årdalsvatnet fram til Øvre Årdal. Det er planlagt avbøtande tiltak med ei minstevannføring tilsvarende 5 persentil, etablering av trygge leirplassar for fossekall og god tilpasning av anlegg i terrenget, samt revegetering.

Prosjektet medfører utbygging av det siste større uberozte vassdraget som ikkje er verna i Årdal. Utbygginga fører også til negative konsekvensar for landskap, biologisk mangfald, kulturmiljø og kulturminne og tap av inngrepsfrie naturområde. Rådmannen legg likevel vekt på at dei faktiske negative miljøkonsekvensane utbygginga har er små, sett opp mot samfunnsnytten utbygging av fornybar kraft gir. Rådmannen rår derfor til at formannskapet gir ein positiv uttale i saka.

Bakgrunn

Småkraft AS har med søknad datert 26.05.15 søkt om løyve frå NVE for konsesjon for bygging av Nundalselvi kraftverk. Nundalselvi kraftverk, med ein installasjon på 6,3 MW, er berekna å produsere 14,1 GWh i et midlare år. Kraftverket er klassifisert som eit småkraftverk (under 10 MW installert effekt). Ein utbygningskostnad på 60,9 mill. kr. gir ein utbyggingspris på 4,31 kr/kWh.

Nundalen er sett av til LNF-formål i kommuneplanens arealdel.

Det er søkt om utbygging i to alternativ, eit med inntak på kote 420 og eit med inntak på kote 365. Utløp- og kraftstasjonsløysingar er like for begge alternativ. Utbyggjar vurderer sjølv at konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn er omtrent like ved utbygging av begge alternativ, og ønskjer å bygge ut alternativ 1 med inntak på kote 420. I saka til formannskapet

er berre alternativ 1 vidare skildra.

Frå inntaket på kote 420 er det planlagt at vatnet skal gå i ein 1850 m lang bora sjakt, ned til kraftstasjonen på kote 5. Kraftstasjonen vil ligge i dagen nede ved Årdalsvatnet. Bygninga blir på ca. 100 m², og tilpassa eksisterande terreng nede ved vatnet. Det blir ein kort avløpskanal fra kraftstasjonen og ut i vatnet. Kraftstasjonen vil fundamenteras på fjell, og bli bygd med fasadar av treverk, naturstein og eventuelt glassfasade i inngangspartiet. Typisk utjåande på kraftstasjon er vist på bildet nedanfor:




Fra kraftstasjonen blir det lagt 2000 meter sjøkabel i Årdalsvatnet fram til Øvre Årdal. Det er planlagt ei minstevannføring tilsvarende 5 persentil sesongvannføring med 25 l/s minstevann om vinteren og 115 l/s om sommeren (15. mai – 30. sept).

Det er ikkje planlagd regulering av feltet. Det blir bygd ein dam med ca 15 m lengde og 2 m høgde og med fritt overlop på kote 420 ved inntaket. For å begrense omfanget av dammen vil ein spreng ut volum bak dammen, heller enn å bygge dam i høgda.

Det vil ikkje bli anlagt nye vegar i Nundalen, men det vil bli bygd ein ny mellombels kai ved kraftstasjonen. Kaianlegg i Øvre Årdal eller Årdalstangen må oppgraderast for å transport av anleggsutstyr, turbin og generator på lekter. Resten av utstyr og maskinar blir flydd inn med helikopter.

Det blir ikkje deponert massar i samband med anlegget. Det er planlagt to riggområde. Eit ved kraftstasjonen og eit mindre område nær inntak. Riggområdet ved inntak skal ikkje kome i konflikt med den gamle slåttemarka på Buhaug. Etter anleggstida skal områda bli tilbakeført til naturtilstand.



Bilde 1: Kartet viser to alternativ for inntak. Eit på kote 420 og eit på 365. Det er aktuelt å byggje ut berre eit av alternativa. Konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn er omtrent like ved utbygging av begge alternativa.

Når det gjeld nettilknytning har Årdal Energi kome med ei fråsegn allereie, samstundes som dei også er høyningspart i saka. Rådmannen viser til innspelet frå Årdal Energi.

Verknader for miljø, naturressursar og samfunn

Slik vurderer utbyggjar fordelar og ulempar ved tiltaket samla sett:

For Årdal kommune vil kraftverket bidra med økte skatteinntekter. Andre umiddelbare fordelear vil først og fremst være sysselsettingsgevinst i utbygningsperioden, tilleggsinntekt til grunneierne og tilstedværelse/aktivitet ved driften av kraftverket. Det har også vært diskutert en opprettelse av et fond der en prosentandel av overskuddet fra kraftverket skulle gå til restaurering av kulturminner. Ulempene ved tiltaket er først og fremst relatert til redusert vannmengde i elven etter utbygging, med konsekvenser for landskap og naturmiljø.

Nundalselvi ligg i eit vanskeleg tilgjengeleg område med relativt næringsfattig berggrunn, men med parti med rikare vegetasjon. Det er registrert ein naturtype som blir direkte berørt av utbygging: bekkekloft og bergvegg. Ingen raudlistearter blir direkte berørt. Det er ingen kjende automatisk freda kulturminne i området, men det fins rester av eit kvernhus. Eit par fossar og stryk er synlege frå fylkesvegen på andre sia av vatnet.

Dette fører til at utbygginga er vurdert til å få ein middels negativ konsekvens for biologisk mangfold og verneinteresser samt for landskap (i driftsfasen), ein liten til middels negativ konsekvens for brukarinteresser/friluftsliv, mens konsekvensen for kulturminner og kulturmiljø er venta å bli liten negativ. Utgreiinga viser at tiltaket vil medføre tap av 5,1 m² inngrepssfrie naturområde (INON), sone 2. Den samfunnsmessige verknaden vil vere liten positiv. Ein eventuell utbygging er ikkje venta å gi nemneverdige konsekvensar for andre forhold, inkludert fisk og ferskvannsbiologi, landbruk, vasskvalitet, vassforsyning- og

resipientinteresser, eller samiske interesser.

Av avbøtande tiltak er det føreslege minstevassføring lik fempersentilen for å redusere negative konsekvensar for i fyrste rekke biologisk mangfald, vasskvalitet og vassforsyning. Dette er også positivt for verdien elva har som landskapselement. Det er også planlagt etablering av trygge leirplassar for fossekall, samt god tilpasning av anlegg i terrenget, samt revegetering for å avbøte på ulempar frå bygginga.

Drøfting

Søknaden med skildring av verknader for miljø, naturressursar og samfunn er kort, men vurderingane knytt til konsekvensar verker fagleg tilfredsstillande.

Dalføret Nundalen er skjerma, og inneholder spor etter menneske så langt som tilbake til jernalderen. Det har tidlegare på 1900-talet vore jordbruksdrift og fast busetnad i Nundalen, men dalen er i dag utan fastbuande og utan kjørbar vegtilkomst og større tekniske inngrep. Etter rådmannen sin oppfatning er dalføret eit relativt lite benytta turmål i dag. Dei som vil besøke dalen må kome via vatnet med båt, eller gå nokre timer på sti over fjellet. Dette gjer at det er få som vil oppleve særlege direkte ulempar av utbygginga slik bruken av dalføret er i dag. Likevel har dalen urørd natur og er rik på kulturhistorie, slik at dalføret har eit stort potensiale for friluftsliv og naturopplevelingar. Kraftutbygging av elva vil redusera denne verdien for friluftsliv.

Det har ikkje vore aktivt landbruk i dalen på lang tid. Dalen har stor kulturhistorisk verdi for Årdal, og syner korleis landbruket vart drive i denne kommunen før industrien starta. I dag har dette dalføre liten betydning for landbruksdrift. Det har verdi som beiteområde for husdyr og leve- og oppvekstområde for hjortevilt. Dalen har ikkje vegtilkomst og det er difor lite aktuelt at aktivt landbruksdrift vert starta opp att på eigedomane. Verdien for aktivt landbruk er derfor vurdert som liten.

Nundalen miljøstifting er ein foreining som driv med aktivitetar i dalen. Dei har som mål å tilrettelegge Nundalen til eit rekreasjonsområde for älmenta, og har fått tildelt midlar frå mellom anna kommunen til å sette i stand bygg på gardar i dalen, og tilrettelegge for friluftsliv gjennom rydding av stiar og oppføring av kaianlegg. Stiftinga sitt arbeid med istandsetting av kulturminne i dalen vil etter rådmannen sitt syn ikkje bli særleg negativt berørt av ei utbygging. Det er likevel slik at verdien dalen har som eit uberørt rekreasjonsområde, vil bli negativt påverka. Utbyggar har foreslått at det skal settast midlar på eit fond som skal gå til t.d stiftingas arbeid. Rådmannen meiner at dette er eit godt kompenserande tiltak.

Det mest synlege uttrykket utbygginga vil få landskapsmessig er mindre vassmengde i fossane som er særleg synlege frå fv 53, og kraftstasjonen bygget nede ved vatnet. Når det gjeld kraftstasjonen, saknar rådmannen eit meir detaljert kart eller ein fotomontasje som syner korleis bygninga vil sjå ut frå vatnet og frå fv 53. Rådmannen saknar også alternativ for plassering av bygget, ein omtale av bygningas arkitektur kontra nausta som står nede ved vatnet, og korleis utbyggar tenkjer å ta omsyn til naustmiljøet og fjernverknader. Det er t.d ikkje heldig med store glassflatar i bygget. Ein slik byggeskikk er ikkje tilpassa nausta, og kan føre til solrefleks som visast godt frå fylkesvegen.

Når det gjeld kaianlegget som skal rustast opp anten i Øvre Årdal eller på Årdalstangen

meiner rådmannen det er eit føremon for lokalsamfunnet å få rusta opp kaia på Årdalstangen/Vassbugen. Dette er positivt for framtidig frakt av stort gods som ikkje kjem gjennom tunnelane, og som beredskap i tilfelle stengd veg eller tunnel.

Rådmannen er i utgangspunktet positiv til utbygging av ny fornybar kraft. Samstundes er størstedelen av vasskraftpotensialet i Årdal som ikkje er verna no bygd ut, omsøkt eller planlagd utbygd. Rådmannen har stilt seg spørsmålet om kommunen burde hatt ein meir restriktiv haldning til nye vasskraftutbyggingar, eller om det er for seint. Samla belastning for vassdraga i kommunen er som sagt allereie høg, og den blir enda høgare ved dette prosjektet.

Etter Nundøla er det ingen überørde større vassdrag igjen i kommunen, utenom dei som er verna i Utladalen og Jotunheimen. Sett i samanheng med turismesatsinga kommunen er i gang med og omsynet til framtidige generasjonars moglegheiter til å oppleve überørt elvenatur med historisk bruk og bebyggelse, er dette negativt. På den andre sida ser rådmannen utbygginga i eit større perspektiv, der vassdraget ikkje er av unik verdi i regionen. I tillegg har prosjektet relativt få miljøulempar, kan føre til oppgradering av eit kaianlegget som lokalsamfunnet har behov for og gir meir fornybar energi til samfunnet. Rådmannen meiner dette er ei vanskeleg prioritering, men har valt å legge mest vekt på den samfunnsnytten prosjektet har.

Rådmannen rår derfor til at formannskapet gir ein positiv uttale til søknaden, med dei vilkår rådmannen skildrar.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12

Kunnskapsgrunnlaget (§8) er godt utgreidd. Rådmannen meinar det ligg føre tilfredsstillande kunnskap til å ta stilling til søknaden. Ei utbygging vil innskrenke INON- område (Inngrepssfrie naturområde), og kan få negative konsekvensar for artar som levere i vassmiljøet. Derfor bør det settast krav til minstevassføring, som sikrar overleving av artar som er avhengig av dette naturmiljøet (§9). Rådmannen meinar at utbyggars føreslegne minstevassføring på 5-persentil nivå, er tilfredsstillande. Kostnadar med avbøtande tiltak som blir pålagt utbyggjar skal berast av utbyggar (§11).

Det er positivt at det planlagde prosjektet tek omsyn til god tilpassing i landskapet (§12). Rådmannen meinar samla belastning for økosystemet (§10) blir på eit akseptabelt nivå ved å sette vilkår for prosjektet. Dersom det blir sett vilkår konkluderar rådmannen med at dei negative miljøkonsekvensane utbygginga har er små, sett opp mot fordelane utbygging av fornybar kraft gir.

Økonomi

I søknaden er det oppgjeve at Årdal kommune kan vente seg inntekter frå naturressursskatt. I tillegg kjem grunneigarinntekter og positive konsekvensar for næringsliv og sysselsetting i anleggstida.

Tilråding:

Årdal kommune rår til at det blir gjeve konsesjon til utbygging av Nundalselvi kraftverk.

Tilrådninga skjer under følgjande vilkår:

1. Årdal kommune ønskjer at kaianlegget ved Vassbugen blir oppgradert i samband med transport av utstyr til kraftanlegget.
2. Utforming og materialval på inntaksdammen må få ein estetisk god utforming, og prosjekterast slik at dammen blir minst mogleg synleg i terrenget.
3. Årdal kommune saknar ein omtale av kraftstasjonsbygninga og plassering av bygget opp mot naustmiljøet nede ved Årdalsvatnet og utsikta frå rv 53. Vi ønskjer at det blir utarbeidd ein omtale av bygningas arkitektur kontra nausta, og korleis utbyggar tenkjer å ta omsyn til naustmiljøet og det visuelle knytt til fjernverknader for bygget sett frå fv 53.
4. Årdal kommune ber om at eksisterande vegetasjon og jordmassar blir tekne vare på ved bygging av anlegget, og brukt til istandsetting av inngrep etter at anleggstida er avslutta. Dette for å sikre ein rask og variert vegetasjonetablering utan framande artar.
5. Når det gjeld nettilknytning viser kommunen til innspelet frå Årdal Energi.
6. Årdal kommune føreset at utbyggar set av midlar til eit fond som skal brukast på istandsetting av bygg og anlegg og tilrettelegging i Nundalen.

Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

03.09.2015 Formannskapet

Tilråding frå rådmann vart teken opp til røysting.

Røysting.

Tilråding frå rådmann vedteken

FS-086/15 Vedtak:

Årdal kommune rår til at det blir gjeve konsesjon til utbygging av Nundalselvi kraftverk.

Tilrådninga skjer under følgjande vilkår:

1. Årdal kommune ønskjer at kaianlegget ved Vassbugen blir oppgradert i samband med transport av utstyr til kraftanlegget.
2. Utforming og materialval på inntaksdammen må få ein estetisk god utforming, og prosjekterast slik at dammen blir minst mogleg synleg i terrenget.
3. Årdal kommune saknar ein omtale av kraftstasjonsbygninga og plassering av bygget opp mot naustmiljøet nede ved Årdalsvatnet og utsikta frå rv 53. Vi ønskjer at det blir utarbeidd ein omtale av bygningas arkitektur kontra nausta, og korleis utbyggar tenkjer å ta omsyn til naustmiljøet og det visuelle knytt til fjernverknader for bygget sett frå fv 53.
4. Årdal kommune ber om at eksisterande vegetasjon og jordmassar blir tekne vare på ved bygging av anlegget, og brukt til istandsetting av inngrep etter at anleggstida er avslutta. Dette for å sikre ein rask og variert vegetasjonstablering utan framande artar.
5. Når det gjeld netttilknytning viser kommunen til innspelet frå Årdal Energi.
6. Årdal kommune føreset at utbyggar set av midlar til eit fond som skal brukast på istandsetting av bygg og anlegg og tilrettelegging i Nundalen.

Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Vedlegg:

Arealbruksplan

Konsesjonssøknad om Nundalselvi kraftverk

Høring - Konsesjonssøknad om Nundalselvi kraftverk

Uttale frå Felles Landbrukskontor ÅLA til Småkraft AS sin plan for bygging av- Nundalselvi kraftverk